

Til NVE

Fra Leif Tore Xe (Ekse)

Steinsland

5729 Modalen

Søknad om 2 års forlenging av:

Vassdragskonsesjon nr 200805443-24 (-27)

OED ref 11/670 – 02.11- 2012

Grunna særlige forhold (vis Major)

Bakgrunn:

I 2003 starta eg arbeidet med konsesjonssøknad for Kvernhuselvi Kraftverk i Modalen, Etter eit par år fikk vi sendt inn eit komplett dokument, som så havna i kø hos NVE. I 2008 fikk eg sakshandsamar som reviderte søknaden og vi endra noko etter anbefalingar fra NVE. Så bestemte Sakshandsamar at vi endra datoen på søknaden til etter hennar bidrag og endringar. Eg nevner dette no for å vise kor lenge eg har jobba med prosjektet.

Fikk tillatingar med endringar som vart samla godkjendt ca 13.11 2012. For 5 år sidan fikk vi forlenga prosjektet med 5 år. Dette viser seg no å ikkje halde, med potensielt store tap for samfunnet. Grunnen er at netteselskapa Modalen Kraftlag og BKK nett ikkje har klar å byggje naudsynte transformatorer og linje innan fristen. Nettselskapa har vore informert om mine behov i ca 18 år. No er dei endelig på ballen og har fått konsesjonar og avklaringar som gjer at naudsynt nettløysing skal komme på plass i løpet av 2 år (seier dei). Me sendte detaljeplaner til NVE for prosjektet for ½ år sidan slik at vi skulle komme i gang, men med ein del endringar som skulle sikre at vi fikk bygget på tross av manglende kapasitet. Dei kan no ta imot 2,2 MM Medan mitt prosjekt er på 3,6 MW. Sakshandsamar; Randi Holme seier ho ikkje vil behandle detaljeplanen fordi der er for kort tid og for store endringar.

Dette kan på ingen måte lastas utbygger/konsesjonær då me har vore klare til å sette i gang i 10 år no og har diskutert løysingar med nettselskapa i heile perioden.

Slik eg ser det kan denne seindrettigheita og skuldast Covid Pandemi og kanskje krig i Europa med alle forsinkelsar dette har gitt til leverandør industrien i forhold til å skaffe naudsynte komponenter osv. Sjølv satt eg covidfast i Cambodia i 18 månader noko som og kan hatt ei påvirkning for fremdrifta. Dette kan difor forklarast med <Forse Major> vera.

Eg ber derfor om 2-3 års forlengelse av tillatingar slik at me kan fullføre prosjektet i samsvar med konsesjonsvilkåra.

Konsekvensar dersom ein ikkje får ei slik forlenging kan fort verta dramatisk for lokalt næringsliv og negativt for omstillinga til Bærekraftsamfunnet som vi alle jobber for. Det som skjer dersom eg som fyste konsesjonær i Dalen etter 2011 mister konsesjonen og ikkje kan komme i gang utbygging så velter dette mine kostnader i nett over på dei andre 5-6 prosjekta i Dalen noko som fort kan være

utslagsgivende for at fleire ikkje ser seg råd til å bygge. Her er vi alle avhengig av kvarandres prosjekter, for å dele desse store samfunnsnyttige kostnadene. Det at staten og det offentlege ikkje har klart tidsnok å få avklara linjesituasjonen. Kan derfor ende med at mitt prosjekt på 12 Gwh og ca 50 Gwh frå andre prosjekt i dalen ikkje vert realisert. I ein liten Kommune med under 400 inbyggjarar vil planlagte investeringar på hundrevis av millionar stå i fare for kanselering og kommunens bidrag i det grønne skiftet terminert. Det seier seg sjølv at eg ikkje makta ein runde til med Konesjonssøknad når tilliten til systemet no er ødelagt. Ein konsesjonssøknad kan koste så mykje som 1 million, noko eg ikkje har. Dersom me ikkje lykkas å bruke konsesjonen slik den er utforma, vert mitt alternativ å byggje noko på berre 25% produksjon ved at eg etablerer minikraftverk i staden for småkraftverk, dette gir ei svært dårlig utnytting av eit elles godt vassdrag.

Ber om at dei som handsamar denne søknaden ser det store bilde og gir forlenginga som trengs for å få dettet og mange fleire prosjekter i havn. Heldigvis gir konsesjonen opning for ei slik forlenging.

Modalen 01.11.2022

Helsing Leif Tore Xe